

Møtereferat styremøte 3. mars 2021

Styremøtet vart halde digitalt. Innkalling var sendt ut tidleg i januar og saklista med saksdokument den 25. februar 2021, med ettersending av to saker 2. mars.

Frammøte frå styret: Fulltalig

Kommune: Styremedlemmar:

Ålesund	Vebjørn Krogsæter – leiar
Fjord	Eva Hove – nestleiar
Giske	Jan Ove Skodje
Stranda	Jostein Dalen
Sula	Trygve Holm (deltok fysisk)
Sykkylven	Trond Bonesmo
Ulstein	Berit Sandvik Skeide
Vanylven	Marina Haaber Ersvåg (vara for John Willy Klungre)
Vestnes	Skafti Helgason
Volda	Ola Einang
Ålesund	Jarle Hauge Steffenssen
Ørsta	Karen Høydal
Tilsettrepr.	Ann-Helen Hellevik (vara for Christer Lundberg Nes)

Andre: Anne Berit Støyva Emblem, dagleg leiar SFR

Møtet starta klokka 17.

NB! Referatet er justert i etterkant med oppdaterte opplysningar, desse er markerte Ny.

Saksliste:

Saksnummer: Tittel:

Sak 12/21	Godkjenning innkalling, sakliste og referat styremøte
Sak 13/21	Orienteringar
Sak 14/21	Status økonomi pr. mars 2021
Sak 15/21	Oppdatering reglement for møte- og reisegodtgjersle styret og rep.skap
Sak 16/21	Årsrekneskap 2020 – innstilling frå styret
Sak 17/21	Årsbudsjett 2021 – innstilling frå styret
Sak 18/21	Årsmelding 2020 – innstilling frå styret
Sak 19/21	Handlingsplan 2021-2023 med arbeidsplan for 2021 – innstilling frå styret
Sak 20/21	Medlemskontingent for 2022 – innstilling frå styret
Sak 21/21	Oppdatering av samarbeidsavtalen – innstilling frå styret
Sak 22/21	Val styremedlemmar 2021-2023 og valnemnd 2022 – innstilling frå styret
Sak 23/21	Saksliste og program representantskapsmøtet 2021
Sak 24/21	Internt kvalitetsstyringssystem og HMS/BHT
Sak 25/21	Ny stilling som kontor- og prosjektmedarbeidar
Sak 26/21	Utsett sak 10/21: Gondol på Sulafjellet
Sak 27/21	Eventuelt

Sak 12/21: Godkjenning innkalling, saksliste og referat styremøte

[Lenke til referat frå styremøte 3. februar 2021](#)

Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend. Referat frå styremøte 3. februar 2021 vert godkjend.

Sak 13/21: Orienteringar

Dagleg leiar/adm. orienterer kort om:

- Status fagområde: Aktivitet, Stikk UT! , Drift Land, Marin forsøpling, og Skjergardstenesta
- Status personalsituasjonen og andre administrative forhold
- Andre dagsaktuelle orienteringar

Vedtak:

Styret tek orienteringane til vitande.

Sak 14/21: Status økonomi pr. mars 1021

Kort om saka:

I førre styremøtet vart det gjort greie for kva prosjekt friluftsrådet har søkt støtte til i 2021 frå ulike kjelder, fleire av desse har vi fått svar på:

- Vi har søkt Friluftsrådenes landsforbund (FL) om kr. 1.208.500,- i støtte aktivitet og får innvilga kr. 1.086.000,-.
- Vi har søkt Sparebanken Møre (sak 4/21) om støtte til prosjektet Slå på ringen og er innvilga kr. 1.000.000,- i 2021.

Etter styremøtet er det kome til nye opplysningar:

- Ny: Vi har søkt MR fylkesk. om kr. 531.000,- i støtte aktivitet og får innvilga kr. 301.000,-.
- Ny: Vi har søkt MR fylkesk. om kr. 1.320.000,- i tiltaksstøtte og får innvilga kr. 1.207.000,- (drift land).
- Ny: Vi har søkt Miljødirektoratet 8.152.000,- (2021 til mars. 2023) til marin forsøpling og er innvilga 4.500.000,- for same periode, dvs. kr. 2.000.000,- for 2021.

I [budsjettet for 2021](#) (sak 17/21) er opprinnelege søknadssummar lagt inn. Innvilga summar vert lagt inn i eit revidert budsjett i neste styremøte.

Vedtak:

Styret tek statusinformasjonen om økonomi til orientering og ber administrasjonen legge fram revidert budsjett i neste styremøte (juni 2021).

Sak 15/21: Oppdatering reglement for møte- og reisegodtgjersle styret og rep.skap

Kort om saka:

Det er behov for å oppdatere reglementet for utbetaling av møte- og reisegodtgjersle i samsvar med gjeldande lovverk. Det er representantskapsmøtet som vedtek sjølve satsane (sist vedtak var i 2018), reglementet vert oppdatert når rep.skapet fattar nye vedtak.

Vedtak:

Styret vedtek «[Reglement for møte- og reisegodtgjersle for styret og representantskapet i Sunnmøre friluftsråd \(KO\)](#)». Reglementet trer i kraft omgåande.

Sak 16/21: Årsrekneskap 2020 – innstilling frå styret

Kort om saka:

Økonomikontoret Økonomiservice AS har ferdigstilt rekneskap 2020 (vedlegg), det er styret som fremjar årsrekneskapen for representantskapsmøtet. Revisor har ikkje ferdigstilt revisjonen enno, den vert oversendt så snart den føreligg.

Vedtak:

Styret rår representantskapsmøtet i rep.skapssak nr. 5 å godkjenne den reviderte årsrekneskapen for 2020 når den er klar frå revisor.

Sak 17/21: Årsbudsjett 2021 – innstilling frå styret

Kort om saka:

Det er styret som fremjar årsbudsjett 2021 for representantskapet. Utkastet frå administrasjonen viser ei samla inntekt kr. 17 511 300,- og samla kostnad på kr. 17 504 600,-. Det er tala i innsendte søknader som ligg til grunn. Budsjettet viser ambisjonen til friluftsrådet om høg aktivitet også i 2021. Styret rår representantskapsmøtet til å sette av kr. 550 000 på fond til finansiering av ny båt til Skjergardstenesta i Møre og Romsdal. Styret ber om at budsjett for 2021 vert samanstilt med rekneskap 2020 og budsjett 2020 i felles tabell. Administrasjonen bearbeider oppsettet før det vert sendt representantskapet.

Vedtak:

Styret godkjenner årsbudsjett 2021 med dei endringane i framstilling som vart omtalt i styremøtet. Styret fremmer budsjettet for representantskapsmøtet 2021 i tre vedtakspunkt i rep.skapssak nr. 6:

- 1. Representantskapsmøtet godkjenner årsbudsjettet for 2021.*
- 2. Representantskapsmøtet gir styret fullmakt til å gjere nødvendige endringar etter kvart som inntektssida blir avklart.*
- 3. Representantskapsmøtet godkjenner avsetning av kr. 550 000 på fond til finansiering av ny båt til Skjergardstenesta i Møre og Romsdal.*

Sak 18/21: Årsrapport 2020 – innstilling frå styret

Kort om saka:

Det er styret som legg fram årsmeldinga/årsrapporten for representantskapet. Årsrapporten for 2020 er ei oppsummering som speglar aktiviteten i Sunnmøre friluftsråd siste år. Friluftsrådet har hatt stor aktivitet trass i koronasituasjonen. Forordet til årsmeldinga gir ei oppsummering. Særleg gledeleg er prisen Årets regionbyggjar 2020 i Møre og Romsdal grunna Stikk UT!, samt at Sykkylven og Vanylven vart tekne opp som nye deltakarkommunar.

Vedtak:

Styret godkjenner «[Årsrapport Sunnmøre friluftsråd 2020](#)» slik den ligg føre og fremmer denne for representantskapsmøtet 2021 i rep.skapssak nr. 4.

Sak 19/21: Handlingsplan 2021-2023 med arbeidsplan for 2021 – innst. frå styret

Kort om saka:

Det er styret som fremjar arbeidsplanen for representantskapet. Styret har tidlegare vedteke at arbeidsplanen skal ha eit lengre tidsperspektiv enn eitt år. Administrasjonen sitt utkast kombinerer ein treårig handlingsplan for 2021-23 med arbeidsplan/tiltak for 2021. Den bygger på formålet til friluftsrådet jf. samarbeidsavtalen § 3.

Vedtak:

Styret vedtek «[Handlingsplan Sunnmøre friluftsråd 2021-2023 med arbeidsplan for 2021](#)» slik den ligg føre og fremmer denne for representantskapsmøtet 2021 i rep.skapssak nr. 7.

Sak 20/21: Kontingent for deltakarkommunane 2022 – innstilling frå styret

Kort om saka:

Det er styret som fremjar framlegg til kontingent for representantskapet. Auke var berre 2 % 2020 og 2021, eit kronebeløp på kr. 19,09 og 19,47 pr. innbyggjar. Styret tilrår at medlemskontingenten aukar med 2% også for 2022, til kr. 19,86 pr. capita.

Vedtak:

Styret fremmer for Representantskapsmøtet i rep.skapssak nr. 8 at medlemskontingenten for 2022 vert sett til kr. 19,86 per innbyggjar.

Sak 21/21: Oppdatering av samarbeidsavtalen – innstilling frå styret

Kort om saka:

Gjeldande [samarbeidsavtale](#) vart inngått i 2020. Styret ser at det er behov for ei oppdatering/korrigering av nokre ord og setningar, samt nokre få tillegg. Her er ei oversikt: § 2 Deltakarkommunar er oppdatert med Herøy, § 3 Formål er tekstleg forenkla, § 6 Representantskapsmøtet er oppdatert i forklaringa for val av styremedlemmar, § 5 og 7 er oppdatert med reglement for møte- og reisegodtgjersle og § 15 er oppdatert når det gjeld nye deltakarkommunar. Orda deltakarkommune, representantskapsmøte og tale- oh forslagsrett er brukt gjennomgåande.

Vedtak:

Styret vedtek [oppdateringane i samarbeidsavtalen](#) slik dei ligg føre og fremmer dette for representantskapsmøtet 2021 i rep.skapssak nr. 9.

Sak 22/21: Val av styremedlemmar 2021-2023 og valnemnd 2022 – innst. frå styret

Kort om saka:

Frå 2021 har friluftsrådet 12 deltakarkommunar med eit styre på 15 medlemmar. Ansvar og oppgåver for styret er omtalt i § 7 i samarbeidsavtalen, val av styre er omtalt siste del av § 5. I år er 7 av 15 styreplassar på val for perioden 2021-2023, det gjeld kommunane Ålesund (3 repr. med vara), Sula, Stranda, Vestnes og Herøy (ny). Det er sendt brev til kommunane, og ventast svar i løpet av mars - namna vert skrive rett i sak 10 i sakslista til rep.skapet.

Valnemnda er kontakta slik at dei kan starte arbeidet med innstillingane til styreleiar, nestleiar og revisor. Styret innstiller til nye styremedlemmar etter svar frå kommunane (som omtalt over), og til valnemnd for 2022.

Vedtak:

I rep.skapsak nr. 10 innstiller styret på dei representantane som kommunestyra i Ålesund, Sula, Stranda, Vestnes og Herøy melder inn. (Dersom det skulle vise seg at kjønnsrepr. 40% i det nye styret samla sett ikkje blir oppfylt, får styreleiar, nestleiar og dagleg leiar i oppgåve å følgje opp slik omtalt i samarbeidsavtalen § 5. Ny opplysning: Dette er ikkje nødvendig i år).

I rep.skapsak nr. 11 innstiller styret følgjande til valnemnd for 2022:

- Leiar: Modolf Hareide, 2020-2023 (Ålesund)
- Medlem: Mariann Barstad, valt for 2019-2022 (Sula)
- Medlem: Lena Landsverk Sande, 2021–2024 (Vanylven)
- Vara: Vebjørn Krogseter 2021-2022 (Ålesund)

Sak 23/21: Sakliste og program representantskapsmøtet 2021

Kort om saka:

Det er styret som fremjar sakliste for representantskapsmøtet, saklistepunkta er lista opp i samarbeidsavtalen § 5. Innstillingane i punkt 3 til 11 i saklista samsvarer med vedtaka i styremøtesakene 16/21 til 22/21 i dagens styremøte, og sak 3/21 i førre styremøte (opptak Herøy kommune). Dagleg leiar oppdaterer saklista før den vert sendt ut 4 veker før møtet. Grunna Covid-19 er det usikkert om møtet kan gjennomførast 7. april, alternativt vert møtet utsett til juni månad. Møtestad er Volda.

Vedtak:

Styret godkjenner [sakliste for representantskapsmøtet 2021](#) og ber dagleg leiar ferdigstille denne i samsvar med vedtaka i gjeldande styremøte før utsending.

Dersom det ikkje er mogleg å halde fysisk møte 7. april grunna Covid-19 situasjonen, vert heile representantskapsmøtet utsett til juni (primært fysisk, sekundært digitalt møte).

NB! Ny opplysning etter styremøtet: Det er ikkje tillate med arrangement 7. april, og møtet vert utsett til juni. Dato kjem seinare.

Sak 24/21: Internt kvalitetsstyringssystem og HMS/BHT

Kort om saka:

Jamfør arbeidsplan 2021 skal administrasjonen ferdigstille eit heilskapleg kvalitetssystem (internkontroll) innanfor dei lover og regelverk som gjeld for Sunnmøre friluftsråd (KO). Friluftsrådet har vokse raskt i oppgåveomfang, budsjett og i tal tilsette, og det er behov for å prioritere internt organisasjonsarbeid. Dette inneber å kvalitetssikre prosedyrar, rutinar og regelverksoppfølging. Også revisor har tilrådd oss å prioritere dette arbeidet, jf. notat framlagt i møtet. Viktige stolpar er: 1) Arbeidsreglement, arbeidstid og lønnspolitikk 2) HMS-rutinar og avviksregistrering 3) Innkjøpsrutinar og rammeavtaler 4) Prosjektstyring Friluftsrådet er medlem av Samfunnsbedriftene, og kan hente noko bistand her. Dagleg leiar har også hatt møte med Konserninnkjøp i Ålesund kommune for råd.

Vedtak:

Styret ber admi. prioritere internt organisasjonsarbeid våren 2021 for å ferdigstille eit internt kvalitetssystem i tråd med lover og regelverk som gjeld for Sunnmøre friluftsråd (KO).

Sak 25/21: Ny stilling som kontor- og prosjektmedarbeidar

Kort om saka:

Styret har bedt dagleg leiar legge fram stillingsomtale for ei ny 100% fast stilling som kontor- og prosjektmedarbeidar, med overlapp til Haukås si stilling. Stillinga skal bistå prosjekt/ oppgåver på tvers av org., spesielt StikkUT!. Drift av nettsider, generelt adm.arbeid, stillinga kan evt. også leie mindre prosjekt. Årsløn v/tilsetjing: 480.000-520.000 kr.

Vedtak:

Dagleg leiar får fullmakt til å lyse ut og tilsette ny medarbeidar i samsvar med saka.

Sak 26/21: Utsett sak 10/21: Planar om gondol på Sulafjellet, uttale og engasjement

Flakk-gruppen har informert kommunestyret i Sula om planane dei har for ei gondolbane frå Devoldfabrikken til Rundehornet. Planane har vekt reaksjonar, både positive og negative. Planen skal behandlast både administrativt og politisk før den eventuelt blir godkjend. Både bygging og drift av ei gondolbane vil påverke viktige friluftsområde på Sulafjellet. Turområda som er mykje brukt både av innbygarane i kommunen og i omlandet rundt. Her kan de sjå [besøkstala i Stikk UT! for Sula](#). Styret drøfta friluftsrådet si rolle og engasjement i saka.

Vedtak:

Styret ser det ikkje som natuleg at friluftsrådet deltek i aksjonsgrupper i denne saka eller i andre tilsvarande saker. Friluftsrådet skal engasjere seg i høyringssaker der friluftslivet vert berørt, jamfør formålet til friluftsrådet. Styret ser det som naturleg at friluftsrådet uttalar seg i høyringa i saka om gondol på Sulafjellet.

Sak 27/21: Eventuelt: Sikring av farleg parti i råsa til Lidalsnipa, Ørsta

Ørsta kommune har bedt om fagleg uttale frå Sunnmøre friluftsråd når det gjeld sikring av eit farleg parti på Lidalsnipa i Ørsta kommune. Styremedlem Ola Einang etterlyste info. om saka. Dagleg leiar orienterte om brevet, og at friluftsrådet av og til blir spurt om faglege råd og uttalar. Sunnmøre friluftsråd står også på høyringslista til medlemskommunane når det gjeld plansaker, samfunns- og arealplanar. Dagleg leiar orienterte om at friluftsrådet ikkje har vanlegvis ikkje kapasitet til å svare på høyringane, men har eit mål om å svare på 5 ut frå friluftsfagleg kompetanse i løpet av eit år.

Styret ynskte at innkomne førespurnader og høyringssaker, samt svar frå friluftsrådet, vert sett opp som referatsaker til styremøta.

Sak 28/21: Eventuelt: Leasing av el-varebil

I dag leaser friluftsrådet tre arbeidsbilar som går på diesel. Dagleg leiar orienterte kort om at det er kome opp eit tilbod om leasing av el-varebil (e Jumpy Citroen) med enova-støtte.

Tilbodet er tidsavgrensa og det er behov for å ta ei avgjerd før neste styremøte. Dagleg leiar ønsker å legge saka fram for styreleiar før avgjerd.

Styret ga si tilslutning til at dagleg leiar kan avklare ny leasing med styreleiar i mars, forutsatt at kostnadane ikkje aukar totalbudsjettet for friluftsrådet.

Lokale media får tilsendt referatet: Bygdebladet, Bypatrioten, Møre, Møre-Nytt, Nordre, Nyss, Nytt i Uka, Storfjordnytt, Sunnmørsposten, Sulaposten, Vestlandsnytt, Vestnesavisa, Vikebladet, Øy-Blikk, NRK Møre og Romsdal.